



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Rådhus Valldal
Dato: 21.05.2026
Tid: Kl. 17:00 - 19:00

Medlemmer:	Parti
Jens Einar Aklestad	AP
Espen Heitmann	Frp
Kjell Magne Moe	Frp
Claus Hoff	H
Ester Reidun Vinje Nilsen	H
Jan Are Remme	H
Jan Erik Vad	H
Johan Arnt Overøye	H
Robert Bergerud	H
Anders Jørgen Gjerde	Sp
Annette Langdal	Sp
Britt-Ingunn Tafjord Walle	Sp
Håkon Myklebust	Sp
Lars Kristian Øvrebust	Sp
Marius Høihjelle	Sp
Terese Jemtegård Moen	Sp
Dagrun Agnes Vikesland	SV

Forfall:	Parti
Nina Hauglid	AP
Vemund Waldal	SV

Vara:	Parti
Alf Ivar Eliassen	AP
Nils Johan Myren Døving	SV

Inhabile	Sak	Varamedlem	Merknad
Johan Arnt Overøye	026/26	Jan Ole Strand, H	Inhabil jf. Fvl. §6 punkt a og e - underpunkt 2.
Ester Reidun Vinje Nilsen	031/26	,	Inhabil jf. Fvl. § 6 punkt e - underpunkt 2.
Jan Are Remme	032/26	Jan Ole Strand, H	Inhabil jf. Fvl. § 6 punkt e - underpunkt 2.

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Bjørn Inge Ruset

Økonomisjef Dag Olav Tenfjord

Seniorrådgivar økonomi Arne Krohn

Kommunalsjef Teknisk Freddy Hanssen

Kommunalsjef Oppvekst og kultur Mariann Birkhol

Kommunalsjef Helse, omsorg og velferd Sindre Søvik Erstad

Leiar Bygg og kommunalteknikk Trond Alstadsæter

Prosjektleder bygg Truls Villanger

Sekretær Alexander Oudijk

Terese Jemtegård Moen
ordfører

Britt-Ingunn Tafjord Walle (Sp)

Dagrun Agnes Vikesland (SV)

Alexander Oudijk
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
022/26	Godkjenning av møtebok
023/26	Overføring av Investeringsmidlar frå 2025 til 2026
024/26	Anbud og budsjett kunstgras Kirkebø
025/26	Justert oppsett Bevilgningsoversikt investering Del 1 og Del 2
026/26	Avdragsfritak på lån, samt utviding av låneramme til Arena Overøye AS
027/26	Utvida skjenkeområde - Valldal Fjordhotell
028/26	Alkoholpolitiske retningslinjer - endring i samband med fotball-VM 2026
029/26	UNG kunst og kultur - fornying av samarbeidsavtale 01.01.2027-31.12.2030
030/26	Endringsforskrift om skulefritidsordning (SFO) i Fjord kommune
031/26	Val av styremedlem og vara til Storfjord Helsesenter AS
032/26	Handsaming av klage på kommunens vedtak i sak S-086/25 om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av akvakulturlokalitet ved Dyrkorn
033/26	Forskriftsfesting av fellingsavgift for Elg og Hjort i Fjord kommune
034/26	Referatsaker
035/26	Høyringsuttale – reduksjon i ambulansestasjonar og bemanning
036/26	Høyringsuttale til forvaltningsplan for rovvilt region 6, kap 2.
037/26	Søknad om fritak frå politisk verv i viltutvalet

Britt-Ingunn Tafjord Walle (Sp) og Dagrun Agnes Vikesland (SV) vart valde til å skrive under protokollen saman med ordføraren.

Ingen merknader til innkalling og tilleggsinnkalling.

Merknad til sakliste:

Ordføraren føreslo om å behandle sak 026/26 og 032/26 først i møtet i samband med innkalla vara. Samrøystes vedteke.

Orientering frå kommunedirektøren:

- Framdrift i prosess rehabilitering Eidsdal skule v/ prosjektleiar bygg Truls Villanger

Orienteringar frå ordføraren:

- Jerv
 - Møte med Mørebenken i Oslo 5.mai, og møter med Sp og Krf stortingsrepresentantar. Aktuelt med Dok 8-forslag.
 - AU møter klima- og miljøminister i Skjåk 9.juni
 - Utarbeidd høyringsuttale til endring forvaltningsplan rovvilt reg 6 (sak seinare i dette møtet)
 - USS: Har hatt møte saman med beitebrukar i Fjord og ordførar og beitebrukar i Skjåk for å undersøke moglegheiter innanfor tap av beiterett
- Anbodsprosess rehabilitering
 - Ordførar har deltatt på møte på Røros saman med ordførarar frå både Ap, SV, H og Sp frå kommunar som har rehabiliteringssenter i Helse Midt-Norge. Presset har nytta. Rehabiliteringssentera har fått melding frå Helse Midt-Norge om at det ikkje

vil tvingast gjennom underskrift av avtaler no, og at dette vert avventa til vedtak om revidert nasjonalbudsjett er klart. Vi følgjer opp dette med RNB politisk oppover i våre parti.

- Arbeider med å få møte med Helse Midt og elles påverking ifb. med revidert nasjonalbudsjett

- **Gjennomføring av grensejustering Liabygda**

- Etter møte i gruppa som leier prosessen med gjennomføring av grensejustering i Liabygda har ordførar skriftleggjort og sendt følgjande signal til Stranda kommune når det gjeld økonomisk oppgjer. Dette signalet er forankra i samband med formannskapet si behandling av i orienteringssak 004/26 Orientering prosess for grensejustering mellom Stranda og Fjord kommune (Liabygda) i formannskapsmøtet 30.04.26:

«Signal frå Fjord kommune knytt til økonomisk oppgjer i møte 19.05.2026:
Viser til møte i dag i grensejusteringsprosess for Liabygda. I dette møtet var økonomisk oppgjer sett på saklista til drøfting.

Fjord kommune kom med følgjande signal i møtet:

Fjord kommune ser for seg at alle inntekter frå Havbruksfondet knytt til oppdrettslokasjon i Liabygda tilfell Fjord kommune frå 01.01.2027, same dato som grensejusteringa trer i kraft. Vi meiner også at eigedomsskatteinntekter knytt til oppdrettslokasjon og linjenett skal tilfalle Fjord kommune i si heilheit frå 01.01.2027.

Dette er same praksis som ved grensejustering av Vågstranda frå Rauma til Vestnes kommune gjeldande frå 01.01.2021, og oppdrettslokasjon knytt til dette.

Intensjonen med Havbruksfondet er at lokalsamfunn som stiller sjøareal til disposisjon for oppdrett får ta del i verdiskapinga. Pengane skal gje kommunane større handlingsrom til å investere i velferdstenester og lokal utvikling for innbyggjarane. Dette vil vere Fjord kommune sitt ansvar frå 01.01.2027.

Det er innbyggjarane i Liabygda som har søkt om grensejustering, og staten som har vedteke det. Det er ikkje urimeleg at ressursane som høyrer til Liabygda kjem til gode den kommunen som skal ha ansvar for både samfunnsutvikling og tenester frå 01.01.2027.»

022/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Kommunestyret 21.05.2026:

Behandling:

Vararepresentant Jan Ole Strand (H) gjekk frå møte. Representant Jan Are Remme tok sete i møte igjen. 19 Voterande tilstades.

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 022/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

023/26: Overføring av Investeringsmidlar frå 2025 til 2026

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Fjord kommunestyre godkjenner overføring av investeringsmidlar frå 2025 til 2026 med kr 29 253 685 på spesifiserte prosjekt, i samsvar med oppstilling i saksutgreiing

2. Fjord kommunestyre godkjenner følgjande finansiering for overførte investeringsmidlar:

- a. Mva kompensasjon kr 5 013 225
- b. Tilskot kr 3 020 000
- c. Bruk av lån kr 21 220 460
- d. Sum finansiering kr 29 253 685

Denne finansiering er del av samla finansiering opptilt i Bevilgningsoversikt investering del 1.

3. Fjord kommunestyre godkjenner Bevilgningsoversikt investering , del 1 og del 2, som vist i vedlegg.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 21.05.2026 - 043/26

Innstilling til kommunestyret:

1. Fjord kommunestyre godkjenner overføring av investeringsmidlar frå 2025 til 2026 med kr 29 253 685 på spesifiserte prosjekt, i samsvar med oppstilling i saksutgreiing

2. Fjord kommunestyre godkjenner følgjande finansiering for overførte investeringsmidlar:

- a. Mva kompensasjon kr 5 013 225
- b. Tilskot kr 3 020 000
- c. Bruk av lån kr 21 220 460
- d. Sum finansiering kr 29 253 685

Denne finansiering er del av samla finansiering opptilt i Bevilgningsoversikt investering del 1.

3. Fjord kommunestyre godkjenner Bevilgningsoversikt investering , del 1 og del 2, som vist i vedlegg.

Kommunestyret 21.05.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 21.05.2026**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 023/26 Vedtak:

1. Fjord kommunestyre godkjenner overføring av investeringsmidlar frå 2025 til 2026 med kr 29 253 685 på spesifiserte prosjekt, i samsvar med oppstilling i saksutgreiing

2. Fjord kommunestyre godkjenner følgjande finansiering for overførte investeringsmidlar:

- a. Mva kompensasjon kr 5 013 225
- b. Tilskot kr 3 020 000
- c. Bruk av lån kr 21 220 460
- d. Sum finansiering kr 29 253 685

Denne finansiering er del av samla finansiering opptilt i Bevilgningsoversikt investering del 1.

3. Fjord kommunestyre godkjenner Bevilgningsoversikt investering , del 1 og del 2, som vist i vedlegg.

024/26: Anbud og budsjett kunstgras Kirkebø

Kommunedirektøren si innstilling:

- 1. Fjord kommunestyre godkjenner er øvre ramme for nytt kunstgrasdekke ved Kirkebø stadion stor kr 6 600 000.
- 2. Auka investeringbehov frå kr 6 000 000 til kr 6 600 000 vert finasiert med auka låneopptak på kr 480 000 og mva kompensasjon på kr 120 000
- 3. Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå kontrakt med Proturf AS knytt til gjennomføring av nemnte prosjekt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 21.05.2026 - 044/26

Innstilling til kommunestyret:

- 1. Fjord kommunestyre godkjenner er øvre ramme for nytt kunstgrasdekke ved Kirkebø stadion stor kr 6 600 000.
- 2. Auka investeringbehov frå kr 6 000 000 til kr 6 600 000 vert finasiert med auka låneopptak på kr 480 000 og mva kompensasjon på kr 120 000
- 3. Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå kontrakt med Proturf AS knytt til gjennomføring av nemnte prosjekt.

4. Dersom nytt lysanlegg, dvs overgang til led-armatur, kan realiserast innanfor den nye ramma i pkt 1, samt bruk av spelemiddelordninga og medfinansiering frå Stordal IL, får kommunedirektøren fullmakt til å gjennomføre dette så snart det let seg gjere

Tillegg som punkt 4 i forslag til vedtak:

Kirkebøe stadion sitt lysanlegg tilfredstiller ikkje krava til lys på arrangement som til dømes fotballkampar. Lysanlegget bør skiftast ut og ein bør montere nye ledlys. Dette vil i tillegg til å vere godkjend belysning under arrangement også redusere straumforbruk og vedlikehald på sikt.

Det er naturleg å sjå dette som ein del av pågåande planlegging om utskifting av kunstgras på Kirkebøe stadion.

Finansiering av prosjektet er tenkt slik:

SUM INVESTERING	450 000
FINANSIERING	
Mva kompensasjon	90 000
Spelemidler	150 000
Egenandel Stordal IL	105 000
Auka låneopptak	105 000

Fjord kommunestyre godkjenner prosjekt lysanlegg med følgjande kostnadsramme:

Bevilgningsoversikt investering del 1 og del 2 vert oppdatert med dennes informasjon.
Ramme for låneopptak vert auka med kr. 105 000,- frå 35 721 060 til kr. 35 826 060,-.

Kommunestyret 21.05.2026:

Behandling:

Nytt forslag til vedtak, foreslått av Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet

1. Fjord kommunestyre godkjenner er øvre ramme for nytt kunstgrasdekke ved Kirkebø stadion stor kr 6 600 000.
2. Auka investeringbehov frå kr 6 000 000 til kr 6 600 000 vert finasiert med auka låneopptak på kr 480 000 og mva kompensasjon på kr 120 000
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå kontrakt med Proturf AS knytt til gjennomføring av nemnte prosjekt.
4. Kirkebøe stadion sitt lysanlegg tilfredstiller ikkje krava til lys på arrangement som til dømes fotballkampar. Lysanlegget bør skiftast ut og ein bør montere nye ledlys. Dette vil i tillegg til å vere godkjend belysning under arrangement også redusere straumforbruk og vedlikehald på sikt. Det er naturleg å sjå dette som ein del av pågåande planlegging om utskifting av kunstgras på Kirkebøe stadion.

Finansiering av prosjektet er tenkt slik:

SUM INVESTERING	450 000
FINANSIERING	
Mva kompensasjon	90 000
Spelemidler	150 000
Egenandel Stordal IL	105 000
Auka låneopptak	105 000

Fjord kommunestyre godkjenner prosjekt lysanlegg med kostnadsramme som vist over.
Bevilgningsoversikt investering del 1 og del 2 vert oppdatert med dennes informasjon.
Ramme for låneopptak vert auka med kr. 105 000,- frå 35 721 060 til kr. 35 826 060,-.

Ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) fremma nytt forslag til vedtak.

Det nye forslaget til vedtak frå Sp vart sett opp mot innstillinga frå formannskapet, vedteke i møtet 21.05.26.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Nytt forslag - Nytt forslag til vedtak: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Terese Jemtegård Moen (Sp)

Innstilling fra Formannskapet - 21.05.2026: 0 stemmer (0%)

KS- 024/26 Vedtak:

1. Fjord kommunestyre godkjenner er øvre ramme for nytt kunstgrasdekke ved Kirkebø stadion stor kr 6 600 000.
2. Auka investeringbehov frå kr 6 000 000 til kr 6 600 000 vert finasiert med auka låneopptak på kr 480 000 og mva kompensasjon på kr 120 000
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå kontrakt med Proturf AS knytt til gjennomføring av nemnte prosjekt.
4. Kirkebøe stadion sitt lysanlegg tilfredstiller ikkje krava til lys på arrangement som til dømes fotballkampar. Lysanlegget bør skiftast ut og ein bør montere nye ledlys. Dette vil i tillegg til å vere godkjend belysning under arrangement også redusere straumforbruk og vedlikehald på sikt. Det er naturleg å sjå dette som ein del av pågåande planlegging om utskifting av kunstgras på Kirkebøe stadion.

Finansiering av prosjektet er tenkt slik:

SUM INVESTERING	450 000
FINANSIERING	
Mva kompensasjon	90 000
Spelemidler	150 000
Egenandel Stordal IL	105 000
Auka låneopptak	105 000

Fjord kommunestyre godkjenner prosjekt lysanlegg med kostnadsramme som vist over.
Bevilgningsoversikt investering del 1 og del 2 vert oppdatert med dennes informasjon.
Ramme for låneopptak vert auka med kr. 105 000,- frå 35 721 060 til kr. 35 826 060,-.

025/26: Justert oppsett Bevilgningsoversikt investering Del 1 og Del 2

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Det vert gjennomført endring i Bevilgningsoversikt investering Del 1 og Del 2 som saksutgreiing viser.
2. Samla ramme for låneopptak i 2026 vert auka til kr 14 130 600,- medan samla ramme for bruk av lån vert kr. 35 721 060,-. Dette inkludert finansiering av overførte investeringsprosjekt frå 2025.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 21.05.2026 - 045/26

Innstilling til kommunestyret:

1. Det vert gjennomført endring i Bevilgningsoversikt investering Del 1 og Del 2 som saksutgreiing viser.
2. Samla ramme for låneopptak i 2026 vert auka til kr 14 130 600,- medan samla ramme for bruk av lån vert kr. 35 721 060,-. Dette inkludert finansiering av overførte investeringsprosjekt frå 2025.

Kommunestyret 21.05.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 21.05.2026**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 025/26 Vedtak:

1. Det vert gjennomført endring i Bevilgningsoversikt investering Del 1 og Del 2 som saksutgreiing viser.
2. Samla ramme for låneopptak i 2026 vert auka til kr 14 130 600,- medan samla ramme for bruk av lån vert kr. 35 721 060,-. Dette inkludert finansiering av overførte investeringsprosjekt frå 2025.

026/26: Avdragsfritak på lån, samt utviding av låneramme til Arena Overøye AS

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Arena Overøye AS vert innvilga avdragsfritak for 2026 med kr. 160 000,-. Samtidig vert det innvilga 1.års auka nedbetalingstid på lånet.
2. Arena Overøye AS får utvida låneramme frå 960 000,- idag til 1 500 000,-. Kr. 540 000,- vert utbetalt til selskapet.
3. Lånet vert finansiert av frie investeringsfond.
4. Fjord kommune tek pant i Pisten Bully Park park og vinsj trakkemaskiner tilsvarende låneramma.
5. Endeleg finansiering vert å ta inn i budsjettregulering etter 1. tertial 2026 ved å korrigere Bevilgningsoversikt investering - Del 1 for 2026
6. Fjord kommunestyre føreset at lånet m.a. vert brukt til å innfri Arena Overøye AS sine forpliktelsar til Stordal Alpinsenter AS.

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Jens Einar Aklestad (Ap) fikk permisjon til å tre frå før behandling. 6 voteringar til stades

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 6 stemmer (100%) - Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 025/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Arena Overøye AS vert innvilga avdragsfritak for 2026 med kr. 160 000,-. Samtidig vert det innvilga 1.års auka nedbetalingstid på lånet.

2. Arena Overøye AS får utvida låneramme frå 960 000,- idag til 1 500 000,-. Kr. 540 000,- vert utbetalt til selskapet.
3. Lånet vert finansiert av frie investeringsfond.
4. Fjord kommune tek pant i Pisten Bully Park park og vinsj trakkemaskiner tilsvarande låneramma.
5. Endeleg finansiering vert å ta inn i budsjettregulering etter 1. tertial 2026 ved å korrigere Bevilgningsoversikt investering - Del 1 for 2026
6. Fjord kommunestyre føreset at lånet m.a. vert brukt til å innfri Arena Overøye AS sine forpliktelsar til Stordal Alpinsenter AS.

Kommunestyret 21.05.2026:

Behandling:

Johan Arnt Overøye (H) tok opp spørsmål om sin habilitet fordi han er grunneigar, er styremedlem og har aksjar i selskapet.

Røysting over habilitet representant Johan Arnt Overøye (H); 18 voterande til stades

Samrøystes kjent inhabil jf. Fvl. § 6 punkt a og e - underpunkt 2.

Vara Jan Ole Strand (H) tok sete i møte. No 19 voterande til stades.

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 026/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Arena Overøye AS vert innvilga avdragsfritak for 2026 med kr. 160 000,-. Samtidig vert det innvilga 1.års auka nedbetalingstid på lånet.
2. Arena Overøye AS får utvida låneramme frå 960 000,- idag til 1 500 000,-. Kr. 540 000,- vert utbetalt til selskapet.
3. Lånet vert finansiert av frie investeringsfond.
4. Fjord kommune tek pant i Pisten Bully Park park og vinsj trakkemaskiner tilsvarande låneramma.
5. Endeleg finansiering vert å ta inn i budsjettregulering etter 1. tertial 2026 ved å korrigere Bevilgningsoversikt investering - Del 1 for 2026
6. Fjord kommunestyre føreset at lånet m.a. vert brukt til å innfri Arena Overøye AS sine forpliktelsar til Stordal Alpinsenter AS.

027/26: Utvida skjenkeområde - Valldal Fjordhotell

Kommunedirektøren si innstilling:

Valldal Fjordhotell Drift AS org nr 916580673 får tildelt endring i skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk meir enn 22 volumprosent alkoholinnehald jf. alkoholova §1-6.

Styrar for skjenkeløyvet skal vere Stephen Meinich Bache f. 04.09.1973, stedfortredar Lise Sandøy f. 05.12.1972.

Løyvet gjeld for innandørs skjenking samt for tilhøyrande avgrensa område utandørs som omsøkt.

Nye maksimaltider for skjenking i Fjord kommune, jf. k.sak. 061/20: Gruppe 1 og 2 (øl og vin): kl. 10.00 – 02.00 Like tider for både for innandørs og utandørs skjenking. Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt. Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med innhaldet i Alkoholpolitiske retningslinjer med særleg vekt på pkt. 8 som omhandlar reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår – prikkssystemet. Kravet til internkontroll må vere oppfylt, jf. alkoholforskrifta §8-3.

Tildelte sals-og skjenkeløyve i Fjord kommune opphøyrrer ikkje, og det er ikkje nødvendig å søkje fornying av løyve etter fire år. Det må likevel søkjast på nytt dersom det vert eigarskifte eller ved brot på vilkår som er sett for løyvet.

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 022/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Valldal Fjordhotell Drift AS org nr 916580673 får tildelt endring i skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk meir enn 22 volumprosent alkoholinnehald jf. alkoholova §1-6.

Styrar for skjenkeløyvet skal vere Stephen Meinich Bache f. 04.09.1973, stedfortredar Lise Sandøy f. 05.12.1972.

Løyvet gjeld for innandørs skjenking samt for tilhøyrande avgrensa område utandørs som omsøkt.

Nye maksimaltider for skjenking i Fjord kommune, jf. k.sak. 061/20: Gruppe 1 og 2 (øl og vin): kl. 10.00 – 02.00 Like tider for både for innandørs og utandørs skjenking. Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt. Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med innhaldet i Alkoholpolitiske retningslinjer med særleg vekt på pkt. 8 som omhandlar reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår – prikkssystemet. Kravet til internkontroll må vere oppfylt, jf. alkoholforskrifta §8-3.

Tildelte sals-og skjenkeløyve i Fjord kommune opphøyrrer ikkje, og det er ikkje nødvendig å søkje fornying av løyve etter fire år. Det må likevel søkjast på nytt dersom det vert eigarskifte eller ved brot på vilkår som er sett for løyvet.

Kommunestyret 21.05.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 027/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

Valldal Fjordhotell Drift AS org nr 916580673 får tildelt endring i skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk meir enn 22 volumprosent alkoholinnhald jf. alkohollova §1-6.

Styrar for skjenkeløyvet skal vere Stephen Meinich Bache f. 04.09.1973, stedfortredar Lise Sandøy f. 05.12.1972.

Løyvet gjeld for innandørs skjenking samt for tilhøyrande avgrensa område utandørs som omsøkt.

Nye maksimaltider for skjenking i Fjord kommune, jf. k.sak. 061/20: Gruppe 1 og 2 (øl og vin): kl.

10.00 – 02.00 Like tider for både for innandørs og utandørs skjenking. Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt. Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med innhaldet i Alkoholpolitiske retningslinjer med særleg vekt på pkt. 8 som omhandlar reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår – prikkssystemet. Kravet til internkontroll må vere oppfylt, jf. alkoholforskrifta §8-3.

Tildelte sals-og skjenkeløyve i Fjord kommune opphøyrer ikkje, og det er ikkje nødvendig å søkje fornying av løyve etter fire år. Det må likevel søkjast på nytt dersom det vert eigarskifte eller ved brot på vilkår som er sett for løyvet.

028/26: Alkoholpolitiske retningslinjer - endring i samband med fotball-VM 2026**Kommunedirektøren si innstilling:**

1. Kommunestyret vedtek nytt punkt 5.10 i Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune 2025-2028 som lagt fram i saksframlegget. Nytt punkt 5.10 er gjeldande frå 11. juni 2026.
2. Punkt 5.10 i Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune 2025-2028 vert ikkje gjeldande etter 19. juli 2026.

Kommunestyret 21.05.2026:**Behandling:****Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (89%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7

Mot: 2 stemmer (11%) - SV 2

KS- 028/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

1. Kommunestyret vedtek nytt punkt 5.10 i Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune 2025-2028 som lagt fram i saksframlegget. Nytt punkt 5.10 er gjeldande frå 11. juni 2026.
2. Punkt 5.10 i Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune 2025-2028 vert ikkje gjeldande etter 19. juli 2026.

029/26: UNG kunst og kultur - fornying av samarbeidsavtale 01.01.2027-31.12.2030**Kommunedirektøren si innstilling:**

Fjord kommune ønskjer å fornye samarbeidsavtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune om UNG kunst og kultur frå 01.01.2027-01.01.2030, slik at dette utløyser kr 150.000 i årleg støtte frå fylkeskommunen.

Fjord kommune vil prioritere følgjande punkt frå prioriteringslista:

Punkt c) Bygge kulturfagleg kompetanse og kapasitet på tvers av fagområde til å jobbe med kunst og kultur for barn og unge, og nytte den kulturfaglege kompetansen i kulturskole og bibliotek.

Punkt f) Bidra til å utvikle kulturarenaer for barn og unge sine kunst- og kulturytringar.

Kommunestyret 21.05.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 029/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune ønskjer å fornye samarbeidsavtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune om UNG kunst og kultur frå 01.01.2027-01.01.2030, slik at dette utløyser kr 150.000 i årleg støtte frå fylkeskommunen.

Fjord kommune vil prioritere følgjande punkt frå prioriteringslista:

Punkt c) Bygge kulturfagleg kompetanse og kapasitet på tvers av fagområde til å jobbe med kunst og kultur for barn og unge, og nytte den kulturfaglege kompetansen i kulturskole og bibliotek.

Punkt f) Bidra til å utvikle kulturarenaer for barn og unge sine kunst- og kulturytringar.

030/26: Endringsforskrift om skulefritidsordning (SFO) i Fjord kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret i Fjord kommune vedtek **forskrift om endring i forskrift om skulefritidsordning (SFO), Fjord kommune, Møre og Romsdal**, slik ho ligg føre i vedlegg til saka.
2. Endringsforskrifta trer i kraft straks.

Kommunestyret 21.05.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 030/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret i Fjord kommune vedtek **forskrift om endring i forskrift om skulefritidsordning (SFO), Fjord kommune, Møre og Romsdal**, slik ho ligg føre i vedlegg til saka.
2. Endringsforskrifta trer i kraft straks.

031/26: Val av styremedlem og vara til Storfjord Helsesenter AS

Valnemnda si innstilling:

Representant til styret i Storfjord Helsesenter AS for 1 år: Elin Marie Tafjord

Vara: Olav Løvoll

Kommunestyret 21.05.2026:

Behandling:

Ester Vinje Nilsen (H) tok opp spørsmål om sin habilitet, fordi ho er styreleiar i selskapet.

Røysting over habilitet representant Ester Vinje Nilsen (H); 18 voterande til stades.

Samrøystes kjent inhabil jf. Fvl. § 6 punkt e - underpunkt 2.

Ingen vara til stades. 18 voterande til stades.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 18 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 5, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 031/26 Vedtak:

Valnemnda si innstilling:

Representant til styret i Storfjord Helsesenter AS for 1 år: Elin Marie Tafjord

Vara: Olav Løvoll

032/26: Handsaming av klage på kommunens vedtak i sak S-086/25 om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av akvakulturlokalitet ved Dyrkorn

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i fvl. § 33 andre ledd endrar kommunen vedtak i sak FS-086/25 og tek dermed klagen delvis til følge. Kommunen avslår følgjande dispensasjonssøknaden til Hofseth Aqua AS.

Kommunestyret 21.05.2026:

Behandling:

Nytt framlegg til vedtak, foreslått av Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet

Framlegg til vedtak i sak 032/26 Handsaming av klage på kommunens vedtak i sak S-086/25 om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av akvakulturlokalitet ved Dyrkorn

Fjord kommune opprettheld vedtak i sak FS-086/25 om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av akvakulturlokalitet ved Dyrkorn, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd.

Klagen blir dermed ikkje teke til følge.

Kommunen legg til grunn at vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte. Omsyna bak planen vert ikkje vesentleg tilsidesette, mellom anna fordi dispensasjonen er tidsavgrensa, vilkårsbunden og ikkje medfører varig arealbinding.

Kommunen har i vurderinga lagt vekt på omsyn til ferdsel i sjø og allmenn bruk og opplevingar knytte til sjøområdet, og finn at tiltaket – slik det er avgrensa og vilkårsstyrt – ikkje inneber vesentlege hinder for overordna ferdsel og bruk av fjorden.

Kommunen vurderer vidare at fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene, mellom anna knytt til arbeidsplassar, samfunnsmessige ringverknader og berekraftig næringsutvikling som også vil vere av stor betydning for villaksen.

Kommunen tek til vitande at det er vist til mogleg tilknytt aktivitet på land (eventuell landbase) som kan vere positiv for lokal verdiskaping, men presiserer at slik landbasert aktivitet ikkje er ein del av omsøkt tiltak og ikkje er avgjerande for dispensasjonsvurderinga. Eventuell landbase må i tilfelle handsamast som eiga sak etter plan- og bygningslova.

Potensielle ulemper knytte til støy, lys, visuelle verknader, miljøtilhøve og påverknad på ferdsel og bruk av sjøområdet skal utgreiast nærare og vurderast i vidare konsesjonsbehandling og løyvehandsaming etter relevant sektorregelverk før tiltaket eventuelt kan realiserast.

Tiltaket kan ikkje setjast i verk utan nødvendige godkjenningar frå sektormyndigheitene.

Kommunen har lagt til grunn sitt frie forvaltningsskjønn innanfor ramma av pbl. § 19-2, og kan ikkje sjå at det ligg føre saksbehandlingsfeil eller rettslegemanglar som gir grunnlag for å omgjere vedtaket.

Dispensasjonen vert oppretthalden på dei vilkår som følgjer av opphavleg vedtak i sak FS- 086/25.

Representant Johan Arnt Overøye (H) tok sete i møte igjen. 19 Voterande til stades.

Jan Are Remme (H) tok opp spørsmål om sin habilitet, fordi han har ei ledende stilling i selskapet.

Røysting over habilitet representant Jan Are Remme (H); 18 voterande til stades

Samrøystes kjent inhabil jf. Fvl. § 6 punkt e - underpunkt 2.

Vara Jan Ole Strand (H) tok sete i møte. No 19 voterande til stades.

Saka vart drøfta.

Ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) fremma nytt forslag til vedtak.

Robert Bergerud (H) ba om gruppemøte.

Det vart halde gruppemøte.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 2 stemmer (11%) - SV 2

Nytt forslag - Nytt framlegg til vedtak: 17 stemmer (89%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7

Terese Jemtegård Moen (Sp)

KS- 032/26 Vedtak:

Framlegg til vedtak i sak 032/26 Handsaming av klage på kommunens vedtak i sak S-086/25 om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av akvakulturlokalitet ved Dyrkorn

Fjord kommune opprettheld vedtak i sak FS-086/25 om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av akvakulturlokalitet ved Dyrkorn, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Klagen blir dermed ikkje teke til følgje.

Kommunen legg til grunn at vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte. Omsyna bak planen vert ikkje vesentleg tilsidesette, mellom anna fordi dispensasjonen er tidsavgrensa, vilkårsbunden og ikkje medfører varig arealbinding.

Kommunen har i vurderinga lagt vekt på omsyn til ferdsel i sjø og allmenn bruk og opplevingar knytte til sjøområdet, og finn at tiltaket – slik det er avgrensa og vilkårsstyrt – ikkje inneber vesentlege hinder for overordna ferdsel og bruk av fjorden.

Kommunen vurderer vidare at fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene, mellom anna knytt til arbeidsplassar, samfunnsmessige ringverknader og berekraftig næringsutvikling som også vil vere av stor betydning for villaksen.

Kommunen tek til vitande at det er vist til mogleg tilknytt aktivitet på land (eventuell landbase) som kan vere positiv for lokal verdiskaping, men presiserer at slik landbasert aktivitet ikkje er ein del av omsøkt tiltak og ikkje er avgjerande for dispensasjonsvurderinga. Eventuell landbase må i tilfelle handsamast som eiga sak etter plan- og bygningslova.

Potensielle ulemper knytte til støy, lys, visuelle verknader, miljøtilhøve og påverknad på ferdsel og bruk av sjøområdet skal utgreiast nærare og vurderast i vidare konsesjonsbehandling og løyvehandsaming etter relevant sektorregelverk før tiltaket eventuelt kan realiserast.

Tiltaket kan ikkje setjast i verk utan nødvendige godkjenningar frå sektormyndigheitene.

Kommunen har lagt til grunn sitt frie forvaltningsskjønn innanfor ramma av pbl. § 19-2, og kan ikkje sjå at det ligg føre saksbehandlingsfeil eller rettslegemanglar som gir grunnlag for å omgjere vedtaket.

Dispensasjonen vert oppretthalden på dei vilkår som følgjer av opphavleg vedtak i sak FS- 086/25.

033/26: Forskriftsfesting av fellingsavgift for Elg og Hjort i Fjord kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommunestyre vedtek å sette den årlege fellingsavgifta for kvart dyr som vert felt til 100% av gjeldande makssats gitt av Stortinget i statsbudsjett.

Fellingsavgifta skal gå inn i forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgift for elg og hjort, i Fjord kommune, Møre og Romsdal.

Heimel: Fastsett av Fjord kommunestyre (dato) med heimel i lov 20.juni 2025 nr 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv.(Viltressursloven) §9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8.januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

Kommunestyret 21.05.2026:

Behandling:

Vararepresentant Ester Vinje Nilsen (H) tok sete i møte igjen. No 19 Voterande til stades.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 033/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

Fjord kommunestyre vedtek å sette den årlege fellingsavgifta for kvart dyr som vert felt til 100% av gjeldande makssats gitt av Stortinget i statsbudsjett.

Fellingsavgifta skal gå inn i forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgift for elg og hjort, i Fjord kommune, Møre og Romsdal.

Heimel: Fastsett av Fjord kommunestyre (dato) med heimel i lov 20.juni 2025 nr 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv.(Viltressursloven) §9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8.januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

034/26: Referatsaker**Kommunedirektøren si innstilling:**

Referatsakene blir tatt til orientering.

Kommunestyret 21.05.2026:**Behandling:**

Britt-Ingunn Tafjord Walle (Sp) ba om å realitetsbehandle underliggende referatsak 012/26 - Protokoll frå årsmøtet i villreinnemnda 24.-25. april. Dette i samband med Høyring av søknad frå Tafjord Kraftproduksjon AS om konsesjon for Fetegga pumpestasjon i Tafjordvassdraget i Fjord kommune, Møre og Romsdal fylke som vart behandla som referatsak i møtet til villreinnemnda.

Eit møtereferat kan ikkje realitetbehandlast. I staden for ba ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) kommunedirektøren om å sette opp ein sak til neste kommunestyremøte med høyringsuttale frå Fjord kommune angående søknad om konsesjon for Fetegga pumpestasjon i Tafjordvassdraget i Fjord kommune, Møre og Romsdal fylke.
Samrøystes vedteke.

Votering nr 1 - Votering over forslag**Forslag: Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 034/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

Referatsakene blir tatt til orientering.

035/26: Høyringsuttale – reduksjon i ambulansestasjoner og bemanning**Kommunedirektøren si innstilling:**

Kommunestyret stiller seg bak vurderingane og standpunktta i forslag til utarbeida høyringsuttale.

Kommunestyret 21.05.2026:

Behandling:

Tilleggssak utsendt per e-post 20.05.26.

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 035/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret stiller seg bak vurderingane og standpunkta i forslag til utarbeida høyringsuttale.

036/26: Høyringsuttale til forvaltningsplan for rovvilt region 6, kap 2.

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune v/kommunestyret stiller seg bak vedlagt høyringsuttale ført i pennen av arbeidsutvalet i det interregionale samarbeidet.

Kommunestyret 21.05.2026:

Behandling:

Tilleggssak utsendt per e-post 20.05.26.

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 036/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune v/kommunestyret stiller seg bak vedlagt høyringsuttale ført i pennen av arbeidsutvalet i det interregionale samarbeidet.

037/26: Søknad om fritak frå politisk verv i viltutvalet

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune gir Monica Hovden Larsen fritak frå sitt verv i Viltutvalet ut denne perioden.

Kommunestyret 21.05.2026:**Behandling:**

Tilleggssak utsendt per e-post 20.05.26.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 037/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

Fjord kommune gir Monica Hovden Larsen fritak frå sitt verv i Viltutvalet ut denne perioden.